



FORTIDSMINNEFORENINGEN



Naturvernforbundet
i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Turlag



Sogndal kommune
Gravensteinsgata 17
6851 Sogndal

Leikanger 15.10.2019

Dette brevet vert sendt på vegne av: NJFF Sogn og Fjordane, NOF Sogn og Fjordane, Fortidsminneforeningen Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag, og Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane.

Fråsegn til hovudplan skogsveg Sogndal kommune 2018 - 2033

Vi viser til offentlig ettersyn av «Hovudplan skogsveg Sogndal kommune 2018-2033», med frist for innspel til planen innan 15. oktober 2019. Vi gir her felles innspel til planen, og viser også til FNF Sogn og Fjordane sin invitasjon til samarbeid om planlegging i brev til Sogndal kommune, dagsett 14.10.2019. Tilvising til referansar er løyst fortløpande i teksten eller med fotnotar.

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF) er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar på fylkesnivå. Føremålet med FNF er å styrke arbeidet til organisasjonane med å ta vare på natur- og friluftslivsinteressene i dei enkelte fylka.

Innleiingsvis vil vi gi ros for at det er kommentert i planen at turstiar er eit viktig element å ta vare på, og at det må gjerast tiltak for å inkludere slike interesser i dei meir detaljerte byggeplanane. Vi meiner likevel at både natur- og friluftslivsinteressene bør vere ein av hovudpremissane i ein slik plan, på lik linje med dei økonomiske interessene til grunneigarar og skognæringa. Vi skal her gi døme på konkrete manglar i hovudplanen for skogsvegar.

I kapittel 7, om ressurskartlegginga er det kommentert at det vart gjennomført ei grov kartlegging av skogressursane, og at det er kontrollert om det finst kjende verdiar eller andre faktorar ein må ta omsyn til i dei aktuelle områda. Ifølge planen er viktige naturverdiar og kulturminne gjennomgått ved hjelp av NIBIO si nettside «Kilden», og vi ber særleg Sogndal kommune merke seg sine egne utsegner om at «eventuelle registreringar vert kommentert for kvart driftsområde», og «at den type opplysningar skal og nyttast når kommunen handsamar søknader etter landbruksvegforskrifta».

Vi har difor brukt «Kilden» som grunnlag for å sjå nærare på dei kommenterte naturverdiane. For det første er det viktig å peike på at utsegnene i planen ofte hevdar det ikkje er spesielle omsyn å ta, trass i at det ifølge «Kilden» er registrert konkrete naturverdiar innanfor dekningsområdet til nokre av dei ulike delområda. Vi kjem inn på fleire døme til dei ulike delområda.

Så er det enda viktigare kva som faktisk ikkje er registrert i ein database, så lenge det ikkje er gjennomført systematiske takseringar og kartlegging av natur- og friluftslivsverdiar for delområda i planen. Derfor er vi opptekne av at ein gjer takseringar av fugl, og at ein gjer taksering i hekketida. Det er vesentleg at ein har fokus på sårbare artar som til dømes spettar, rovfugl og skogsfugl. Like viktig er det at ein gjer god kartlegging av alle sårbare naturtypar og artar, slik naturmangfaldlova legg opp til.

Datasetta hos «Kilden» er som alle andre databasar avhengig av brukargrensesnittet og at ein veit kva datasetta inneheld. Til dømes er det ifølge Miljødirektoratet slik at ein del artar kommer opp som «artar av stor forvaltningsinteresse», fordi dei er nasjonale ansvarsartar, men det tyder ikkje at dei vil forsvinne sjølv om ein gjer tiltak i eit bestemt habitat. Det som likevel er vesentleg er at verknadar av bit-for-bit utbygging og arealendringar etter kvart kan forringe ein bestand eller heile økosystem, sjølv om ein bestand av artar eller ein naturtype per no er levedyktig. Det er viktig å ha fokus på kombinasjonen av truga artar og naturtypar, men ein må også gjere egne skjønnsvurderingar til kvar enkelt byggesak, og difor er det vesentleg at ein gjer takseringar og kartlegging til kvart delområde før ein gjennomfører tiltak.

Det er ikkje sagt noko om kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde, basert på kartlegging etter Miljødirektoratet sin vegleiar M-98 2013. Vi oppmodar Sogndal kommune til å ta inn denne kartlegginga i planen.

I kapittel 9.3 Stedje er det kommentert at ein må ta særleg omsyn til området rundt stølen på Stedjeåsen. Ifølge kilden.nibio.no er det på Stedjeåsen også registrert gammal boreal lauvskog (gammalt holt av osp), som har blitt verdsett som lokalt viktig. Denne registreringa er ikkje med i kommunen sitt planverk, og bør tas inn i planen som særleg viktig biologisk mangfald. Merk at Stedjeåsen er eit svært viktig friluftslivsområde.

I kapittel 9.4 Åberge er det kommentert at det er mange kulturminne (SEFRAK) i området. Ifølge kilden.nibio.no er det også registrert bekkekløft og bergvegg frå Hølsete ned til Kvamsbukti, som er verdisett som lokalt viktig. Det er registrert lokalt viktig naturbeitemark på Vetlestølen, og viktig naturbeitemark på Krosskleivane. Det er også registrert viktig naturbeitemark på Røvhaugane. Desse registreringane er ikkje med i kommunen sitt planverk, og bør tas inn i planen. Figur 5 på side 22 viser relativt omfattande inngrep med både nye vegar, ombygging av vegar og vidareføring av veg. Det kan bli store konflikter her med både biologisk mangfald, friluftsliv og jordbruket, og ein bør vurdere å gjere hogst og uttak i dette området med andre metodar enn dei som krev nye eller andre skogsvegar. Merk at Røvhaugane er eit svært viktig friluftslivsområde.

I kapittel 8.5 Vikheim er det ikkje registrert mykje ny veg, men dekningsområdet har ved Lereim eit større areal med gammal boreal lauvskog, som er verdisett som svært viktig, ifølge kilden.nibio.no. I tillegg er det ved Drivdalsgrovi også registrert gammal boreal lauvskog, som er verdisett som viktig.

I kapittel 9.6 Reppalii er det ikkje kommentert nokre naturverdiar, men dekningsområdet ligg inntil og går delvis inn i et svært viktig kalkrikt område av fjellet Reppanipa, eit område som strekker seg ned til Marfjellehaugene i aust.

I kapittel 9.11 Distad sør er det kommentert at det ikkje er nokon særleg omsyn å ta knytt til registrerte miljø- og kulturfund der veglina er planlagt, men ifølge kilden.nibio.no er det ved Myri registrert rik edellauvskog, som er verdisett som svært viktig. Dette arealet går inn i dekningsområdet for planen.

I kapittel 9.14 Mundalsdalen sør er det kommentert at det ikkje er særlege omsyn å ta, men det er verd å merke seg at det er registrert viktig rik edellauvskog i form av lågurteikeskog, mellom Heimastølen og Øygarðskredgjelet, ifølge kilden.nibio.no.

I kapittel 9.16 Bøyum er det kommentert at det er ingen særleg omsyn å ta i området der veglina er planlagt, men i dekningsområdet er det ifølge kilden.nibio.no registrert knoppurtengmott, som er en art av stor forvaltingsinteresse, merka som nær trua på funntidspunktet.

I kapittel 9.18 Venesåsen er det kommentert at det er ingen særleg omsyn å ta i området der veglina er planlagt, men ifølge kilden.nibio.no er det innanfor dekningsområdet registrert svært viktig gråorheggeskog i form av flommarkskog, nordaust i området (frå Vinesnipa mot Brannholten). Sørvest i dekningsområdet (mot Fagersand) er det registrert svært viktig rik edellauvskog i form av lågurteikeskog.

På generelt grunnlag er det viktig å merke seg at biologar har peika på behov for å verne meir boreal lauvskog i Noreg¹, noko som er registrert i fleire av delområda som er med i kartgrunnlaget for nye skogsvegar. Sjølv om veglina ikkje blir planlagt å gå gjennom ein slik biotop bør ein vere svært varsam med å endre landskapet og ta inn store anleggsmaskinar i randsona til slike biotopar, av omsyn til generelt biologisk mangfald. Skog som er dominert av osp blir rekna som hotspot-habitat, og har eit stort mangfald av sopp og insekt som bor i ved, også epifyttiske lav, medan ulike bjørkeskogar huser flest raudlisteartar, ifølgje NINA Rapport 367, om boreale lauvskogar i Norge.

Det ligg inne ganske store vegnett i hovudplanen for skogvegar til saman. Sjølv om planen berre er ein temaplan som ikkje er juridisk bindande, skal den likevel vere ei føring for kommunen sitt planarbeid, og vil seie noko om kva grunneigarane kan forvente å få innvilga framover, samstundes som den skal vere føreseieleg for skognæringa. Med bakgrunn i dei viktige økosystema som finst i skogen, og i skogjord, saman med omfattande karbonlagring i jorda, vil vi hevde at det er grunnlag for meir omfattande vurderingar i planen, både av det biologiske mangfaldet som allereie er registrert, og særleg gjennomføre konkrete takseringar og kartlegging av sårbare artar og naturtypar. I tillegg bør det bli stilt krav frå kommunen om at MiS registreringar vert gjort av ein uavhengig tredjepart med sterk biologisk kompetanse, når ein skal greie ut konsekvensane knytt til konkrete vegar etter landbruksvegforskrifta. Det kan ikkje vere opp til ein grunneigar eller skognæringa å avgjere kven som skal gjere ei MiS registrering, og planen bør spegle eit større ansvar for å ta vare på naturgrunnlaget etter naturmangfaldlova.

Planen verkar å ha hovudfokus på dei økonomiske konsekvensane knytt til å ta ut tømmeret med store anleggsmaskinar og høg effektivitet. Difor ber vi Sogndal kommune i større grad å tenke annleis kring naturgrunnlaget framover, samanlikna med det som har vore trenden i den moderne samfunnsutviklinga. Grunngevinga for det er særleg den siste rapporten frå det internasjonale naturpanelet IPBES², om arealendringar som fører til tap av biologisk mangfald og svekking av økosystema. Naturpanelet hevdar at samfunns mål for 2030, og vidare, berre kan bli oppnådd gjennom transformativ endringar på tvers av økonomiske, sosiale, politiske og teknologiske faktorar.

Basert på dette kunnskapsgrunnlaget, og at den aktuelle hovudplanen for skogsvegar ser ut til å ta svært lett på naturverdiane og økosystema, vil vi derfor også knytte ein kommentar til kapittel 11, om tiltaksbehov på offentlege vegar. I tabell 11 er det vist ei prioriteringsliste for oppgradering eller omfattande utbetring av offentlege vegar, med ei grunngeving om at desse vegane er «flaskehalsar» fordi ein ikkje kan køyre dei med vogntog (bil og hengar). I staden må ein køyre med lastebil, utan tilhengar, og det skapar ein ekstrakostnad med å ta ut tømmeret. Vi vil oppmoda Sogndal kommune til å legge meir vekt på det biologiske

¹ <https://www.nina.no/archive/nina/PPPBasePdf/rapport/2008/367.pdf>


² https://www.ipbes.net/sites/default/files/downloads/spm_unedited_advance_for_posting_htn.pdf

mangfaldet, i staden for å oppgradera offentlege vegar fordi dei ikkje passar til ein bestemt type utstyr, så lenge det finnast andre alternativ.

Her viser vi til brev frå FNF dagsett 14.10.2019, om Riksrevisjonen sine rapportar om arealstatus og arealutvikling. Vidare er det ifølge Artsdatabanken berre i Sogn og Fjordane fylke registrert 541 artar på raudlista, noko som betyr at desse artane av ein eller annan grunn er truga av utrydding. 83 prosent er truga av arealendringar, mens 7 prosent er truga av klimatiske endringar, ifølge Artsdatabanken (2015). Det er registrert 74 ulike naturtypar på raudlista, i heile Sogn og Fjordane fylke, ifølge Artsdatabanken (2018).

Med venleg helsing for
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF)

Elisabeth Dahle, fylkeskoordinator



Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane
Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger
Tel.: 480 20 532 Org.nr. 912 265 722
www.fnf-nett.no/sognogfjordane
sognogfjordane@fnf-nett.no